

# Kristusbiletet i islam og kristendom

ODDBJØRN LEIRVIK

## **Jesus: eit tiltrekkande ansikt**

Frå ei kvinne med muslimsk bakgrunn som har gått over til kristendommen, har eg funne følgjande vitnemål: «Hvorfor blir jeg ikke værende i islam, i mine forfedres religion? Hvorfor må det akkurat være kristendommen, denne sammenvevningen av absurditeter, som tiltrekker meg? Min forstand nekter å godta dogmene. *Men mitt hjerte ligger ved Jesu føtter.*»<sup>1</sup>

«Mitt hjerte ligger ved Jesu føtter» . . . Er det slik at det er noko tiltrekkande ved Jesus, noko ved hans utstråling som gjer at han drar menneske til seg på tvers av religionsgrenser, og på tvers av fornuft og dogmer? Ei tru på Jesus har aldri byrja med dogmatiske spekulasjonar. Det første har alltid vore ei tiltrekking, ei dragning. Først når dragninga har blitt til overgiving, og ein har tapt sitt hjarte til Jesus, melder dei dogmatiske spørsmåla seg: Kven er han? Er han eit menneske, er han Gud, er han både Gud og menneske?

Når ein spør etter Kristusbiletet i islam og kristendom kjem ein ikkje utanom dogmatiske spørsmål av dette slaget. Men eg vil ta mitt utgangspunkt ein annan stad: I hjartespråket, i den umiddelbare tiltrekkinga til Jesus som fekk kvinna til å forlate religionen til sine forfedre og legge sitt hjarte ved Jesu føter.

Det finst mange vitnemål som desse frå kvinner og menn som har gått over til kristendommen, og lagt sine hjarte ved Jesu føter.

Men vi treng ikkje gå til muslimar som har konvertert til kristendommen for å finne ekte kjærleik til Jesus! Også mellom praktiserande muslimar finn vi aerefrykt, ja nesten kjærleik til Jesus. Eit par andre historier kan vise at det går an å gi noko av sitt hjarte til Jesus utan at du forlater islam.<sup>2</sup>

I Paulus kyrkje vart vi ifjor kjende med ei iransk kvinne som var i Norge for å besøke sonen sin. Trufast kom ho til kyrkje, kvar onsdag og kvar søndag. Ho kunne ikkje eit ord verken på norsk eller engelsk, så

det gjekk på hjarte- og fingerspråket. Men ein dag kom ho med ein lapp som ho hadde fått svigerdottera til å skrive for seg. Og der stod det: «Jeg er muslim. I Koranen har jeg lest mye bra om Jesus, så jeg liker Jesus og Maria mye. Etter første gangen i deres kirke kan jeg ikke glemme det . . . Jeg kommer tilbake til Norge igjen. Da vil jeg helt sikkert komme tilbake til deres kirke.» Kanskje kjem ho tilbake – og vi kan halde fram med å kommunisere på hjartespråket. Ho vil truleg framleis vere god muslim, men både ho og vi vil «like Jesus mye». Det er faktisk det som sameinar oss – på tvers av religionsgrensene.

Ei anna iransk kvinne har vist oss sider ved Jesusfromheten i islam som vi før var nokså ukjende med. På ein av dei mange fleirkulturfestane som vi har arrangert i Paulus dei siste åra, hadde vi engasjert denne kvinnen til å lage iransk mat i kjøkkenet ved storsalen i menighetshuset vårt. Når ho kjem inn i salen, ser ho straks det store freskomaleriet av Jesus som den gode hyrden som vi har på frontveggen. Hennar spontane reaksjon er at ho vil fram og tenne eit lys ved Kristusbilete! Lyset skal vere for ein i hennar familie som er i vanskar – kanskje Jesus kan hjelpe? Og saman med diakonen vår tenner ho bønnelyset sitt – framfor Jesus. Kvinnen er heilt klar over at det er Jesus, og fortel at ho hadde bilete av både Jesus og Maria heime i Iran. Ho er opptatt av at Jesus er ein god mann, og ho er sikker på at Jesus vil kunne hjelpe henne. Seinare har ho fleire gongar vore innom kyrkja og knelt framfor Jesusskikkelsen med den utstreckte handa som vi har på altartavla. Hennar største ønske var å få eitt av dei klassiske søndagsskulebileta av Jesus til å henge på veggen heime. Diakonen gav henne eit, og seinare har ho sjølv skaffa seg eit enda større søndagsskulebilete på loppemarked.

Men ho er framleis muslim – og har ingen tanke om å konvertere. Like fullt har ho rydda ein stor plass for Jesus i sitt hjarte.

Og eg spør meg sjølv: Kva er det som gjer at Jesus har ei slik sterkt tiltrekking, på tvers av religionsgrensene? Kan det vere fordi *Jesus har eit ansikt?* I vår kristne tradisjon har vi lov til å lage bilete av Jesus, bilete med utstråling, og våre evangelier er på mange måtar biletbøker, levande fortellingar om Jesus som skaper bilete i oss. Jesus har eit ansikt, eit tydeleg ansikt. Medan Muhammed i muslimsk biletkunst (i den grad han i det heile er avbildar), med nokre få persiske unnatak, alltid er ansiktslaus. Muhammed sitt ansikt er uviktig – det sentrale er boka som han vart eit medium for. Koranen har heller ingen fortellingar om Muhammed, berre utsagn om Gud og Guds evige vilje, lagt i munnen på ein profet som gøymer sitt ansikt. Medan evangeliet om Jesus er fullt av ansikt – ikkje berre Jesu ansikt, men ansikta til dei han møtte, teikna for oss gjennom fortellingar som lever. Det kan vere stengde ansikt i raseri,

eller opne ansikt i undring. Men midtpunktet er alltid Jesu ansikt – som i vår kristne lære også er Guds ansikt. Vi trur at Jesus er det synlege biletet av den usynlege Gud.

Det vil ikkje ein ortodoks muslim gå med på, kanskje heller ikkje ei muslimsk kvinne med eit hjarte som bankar for Jesus, og med Jesu ansikt på veggen i stua. Men det er som om Jesu ansikt, og dei levande fortellingane om han, drar menneske til seg på tvers av alle læreforskjellar.

### **Islams lære om Jesus**

Kva er det så islam *lærer* om Jesus? I dei kvinnehistoriene eg har fortalt – og eg kunne fortalt fleire som liknar – er det ikkje utan vidare det ortodokse synet på Jesus vi møter. Kvinneleg religiøsitet er jo nesten alltid meir open i sin struktur enn den mannsdominerte og regelorienterte. Men sjølv i det ortodokse islam har Jesus, og hans mor Maria, ei sentral stilling.

Ifølge tradisjonane om Muhammed, dei såkalla Hadith som inneheld fortellingar om profeten og som har rang etter Koranen i muslimsk lærtradisjon, skal Profeten ein gong ha sagt: «Det finst ingen av Adam sine etterkomrar som ikkje Satan rører ved. Fordi Satan rører ved det, skrik barnet høgt når det blir født. Slik er det med alle – berre ikkje med Maria og Jesus.»<sup>3</sup> Med andre ord: Jesus – og hans mor Maria – er dei einaste som er urørde av Den vonde i denne verda. Slik sett står Jesus høgare enn sjølvaste Muhammed: Jesus, Marias son, er den einaste som Satan ikkje har rørt ved. Med Muhammed stiller det seg annleis. Dei «Sataniske vers» som Rushdie refererer til byggjer på ein gammal (men omstridd) muslimsk tradisjon om at Muhammed ein gong vart freista til å ta med i Koranen nokre «sataniske vers» som gav konsesjonar til den mekkanske avgudsdyrkingsa, og at han også gav etter i første omgang, før han igjen gav seg inn under den eine Gud.<sup>4</sup>

Berre Jesus er altså ifølge desse tradisjonane urørt av Den vonde. Så høgt kan Jesus altså settast i islam – sjølv om biletet i den muslimske folkefromhet vel er eit anna. Der tenderer ein istaden til å heve Muhammed opp på eit overmenneskeleg plan.

Ellers skulle Koranen i seg sjølv gi sterke nok uttrykk for Jesu posisjon innanfor det ortodokse islam.<sup>5</sup> I Koranen finst det mange fortellingar om Jesu fødsel, og tradisjonen om Jesu jomfrufødsel står relativt sett langt sterkare i Koranen enn i Nytestamentet. I evangelia står jomfrufødselen i periferien, i Koranen står han heilt sentralt – som eit guddommeleg teikn på at Jesus var rein og syndfri. I sine fortellingar om Jesus har

Koranen også tatt med innslag frå gamle kristne legender som ikkje har funne plass i vårt Nytestamente. For eksempel finn vi ei barndoms-historie som skal vise at Jesus allereie som barn hadde overnaturlege evner, då han forma ein fugl av leire og «med Allahs bifall» blåste på han så han vart ein levande fugl.<sup>6</sup> Når det gjeld Jesu liv, gir Koranen oss berre nokre korte samandrag av hans forkynning og hans gjerningar. Men vi finn att mange av dei sentrale elementa frå våre evangelier, rett nok med ei viss overvekt på det vi reknar som dei «overnaturlege» trekk ved Jesu gjerning. Koranen refererer til Jesu helbredingar av blinde og spedalske, hans dødeoppvekkingar og hans brødunder – og teiknar i det heile Jesus som ein undergjera.

Mange kristne ville kanskje her finne ei motsetning i islam sitt Jesusbilete: Både i Koranen og dei muslimske tradisjonane om Jesus ligg vekta på Jesu overnaturlege unnfanging og fødsel (han kan til og med tale når han ligg i voggja) og hans overnaturlege evner, og Jesus blir framheva som ein syndfri skapning, urørt av Den vonde. Men like energisk avviser Koranen at Jesus skulle vere Gud i menneskeskapnad. Det som altså for mange kristne er «bevisa» på at Jesus var guddommeleg – hans jomfrufødsel, hans reinleik og hans mange under – er i Koranen berre ei stadfesting av at han var ein utvald profet, og tanken om at Jesus skulle vere Gud blir avvist som blasphemisk.

Det finst også eit anna påfallande trekk ved Koranen sitt Jesusbilete. Sjølv om Koranen insisterer på at Jesus er «berre eit menneske», teier han om det som i Nytestamentet framfor noko anna gir Jesu ansikt menneskelege trekk som vi kan kjenne oss igjen i – nemleg hans tårer, hans sveitte og dødskamp i Getsemane, og hans sår etter pisk og tornekrone og naglar. For når det kjem til Jesu liding og død, hevdar Koranen at det var ei misforståing at Jesus døydde på korset. Den vanlegaste tolkinga av Koranen sine dunkle utsegner på dette punktet<sup>7</sup> var at Jesus vart forveksla med ein annan, som vart hengd på korset i hans stad. Sjølv vart Jesus tatt direkte opp til Gud.<sup>8</sup> Der skal han vere til Oppstandelsens dag. Ifølge ein av tradisjonane etter Muhammed skulle Marias son snart kome tilbake til jorda og dømme alle med rettferd, og «drepe svin og bryte sund kors».<sup>9</sup> Jesu veg til opphøgning går altså i Koranen utanom det djupast menneskelege – og den opphøgde profeten ber ikkje sjølv korsmerker, men skal kome tilbake til jorda for å bryte sund kors.

Koranen sine utsgjer om Jesu død er uklare, og har gitt opphav til mange teoriar blant muslimane. Ahmadiyyamuslimane meiner f.eks. at Jesus vart korsfesta, men tatt ned av korset medvitslaus, livna til igjen, drog austover og døydde som ein gammal mann i Kashmir. Men felles

for alle ortodokse muslimar er at dei ikkje kan akseptere at ein profet som var særleg utvald av Gud måtte lide og dø ein avmekting og fornedrande død, hjelpelaust utlevert til sine fiendar.

Slik omlag er altså islam sitt bilet av Jesus: Ein profet med overnaturlege trekk og heilt spesielle overnaturlege evner, og utan dei trekka som i Nytestamentet gjer han aller mest menneskeleg og som i evangelia er den store kuliminasjonen på historia om Jesus: nemleg hans liding og død. Ein kan spørre om Koranen ikkje med dette gjer Jesus til noko midt imellom Gud og menneske – til eit «overmenneske» det er vanskeleg å identifisere seg med og enda vanskelegare å elske; ja, eit vesen utan ansikt.

Historisk sett har ein gjort seg mange teoriar om kvar det muslimske Jesusbiletet kjem ifrå. I alle høve kan ein finne mange fellestrekks mellom Koranen sitt Jesusbilete og synet på Jesus innanfor den gnostisk inspirerte kristendommen. I gnostismen er Jesu eit menneske med ei heilt spesiell åndeleg erkjenningsevne og ei heilt spesiell underkraft, men utan sjølv å vere guddommeleg. Og han viser oss kva som er målet for livet her på jorda ifølge den gnostiske erkjenningsvegen: nemleg å heve seg opp over liding og død, og gjere seg usårbar for den kroppslege, dødsmerka røyndommen.

Så gir då heller ikkje gnostismen oss noko ansikt å elske, berre opplysning om ein indre, åndeleg erkjenningsveg – eller i Koranens språk: Klar beskjed om den rette veg. Om ein må spørre om ikkje Kristi ansikt blir borte i begge tilfelle – bak hans *lære*, bak hans forkynning *om* Gud, bak hans overnaturlege teikn.

### Eit kristent syn på Jesus

Korleis er så eit kristent syn på Jesus – i møte med islam?

Koranen åtvarar kristne mot å overdrive sin religion. Sei ikkje om Gud anna enn det som er sant! Sei ikkje at Gud har lagt seg til søner på jorda! Jesus var berre eit sendebod frå Gud, og eit Ord som han la ned i Maria. Sei ikkje at Gud er tre! Gud er ein – det er ingen Gud utan han.<sup>10</sup>

Koranen konsentrerer som kjent sin polemikk mot forestillinga at Jesus skulle vere «Guds Son». I nyare bøker om Jesus frå islamsk side kan ein sjå korleis islam tar moderne nytestamentleg vitskap til inntekt for Koranen si avvising av at Jesus var Guds son. Ein viser til at gudesonforestillingane kom inn i kristendommen via gresk mytologi, og vart ein del av det kyrkjelege maktspråket då kristendommen frå å vere ein undertrykt religion vart statsreligion i Romarriket under Konstantin. Parallelt med denne prosessen blir dei historiske draga ved Jesus – hans menneskelege trekk – avstreifa, til fordel for eit meir opphøgd

Kristusbilete som kanskje liknar meir på solguden sin son enn mannen frå Nasaret.

No er det jo nettopp kristne bibelforskarar som gjennom dei siste to hundreåra har peika på desse forholda. Men reflekterte muslimar tar den moderne Jesusforskinga til inntekt for det grunnleggande islamske synet at evangelia slik vi finn dei i vår Bibel har blitt forvanska og forvrenge. Berre Koranen gir oss eit «reinsa» bilet av Jesus som Allahs profet, utan seinare hundreårs overmalingar.

Kva skal vi så svare? Er det sant at forestillinga som Guds Son er eit hellenistisk inspirert kyrkjeleg maktspråk, i retning av at «vi har ein betre profet enn dykk, for vår profet er ein gudeson»? Og er det sant at vi som kristne trur på tre gudar istadenfor ein? Somme tider må vi nesten gi muslimar rett når dei kritiserer vår treenighetslære, når vi ser kor lett vi kristne har lett for dele opp Gud i bitar. «Vi ber til deg, kjære Far . . . og vi ber til deg, kjære Jesus . . . og så ber vi til deg, Heilage Ande . . .» Kvar blir det av den eine Gud? Særleg akutt blir sjølvsagt problemstillinga innanfor meir folkelege utgåver av katolismen, der Guds Mor også blir ein del av det guddommelege pantheon. Det er for øvrig her islams kritikk av treenighetslæra truleg har sitt utgangspunkt, i folkelege kristne forestillingar i dei første hundreåra om Gud som Far, Mor og Son.

Lat meg prøve å gi mitt svar på islam si utfordring til oss om å gi opp talen om Jesus som Guds Son.<sup>11</sup> Det er ei kjent sak at einkvar religiøs dialog mellom kristne og muslimar har ein tendens til å bli blokkert nettopp her, når vi kristne seier: «De trur at Jesus berre er ein profet. Men vi trur at han er Guds Son.»

Spørsmålet er om slike utsegner er særleg opplysende. Ein reflektert muslim vil altså svare, og meine at han har moderne bibelvitskap i ryggen: «Jesus hadde ingen ambisjonar om å vere gudeson. Dét er noko som maktkyrkja har funne på seinare.»

Men nettopp her er det misforståinga kjem til uttrykk – og det er ei misforståing som er utbreidd både på muslimsk og kristen side. Når Nytestamentet kallar Jesus «Guds Son», er dette ikkje eit uttrykk for Jesu overmenneskelege pretensjonar. Etter dei tre synoptiske evangelia var Jesus sjølv varsam med å bruke tittelen «Guds Son». At Jesus er «Guds Son» blir snarare framstilt som ein løyndom som gradvis blir avdekt. Sjølv brukar Jesus heller tittelen – *Menneskesonen!* I Johannes-evangeliet, derimot, omtaler Jesus ofte seg sjølv som «Sonen» – altså Guds Son. Men Johannes-evangeliet har i enda større grad enn dei synopgiske evangelia «tatt av» frå det historiske forløpet, og gjenfortel Jesushistoria i lys av at løyndommen no er avdekt.

I ei av dei eldste kristne hymnene, som Paulus tar med i brevet til kyrkjelyden i Filippi, blir det understreka at Jesus i all si ferd var som eit menneske – heilt til døden. Han *gav avkall på* å ville vere som Gud, og det namnet som er over alle namn, Guds eige namn, fekk han først etter at han hadde gjennomlevd sitt menneskeliv på jorda. Både tittelen «Herre» i absolutt forstand og uttrykket «Guds Son» kan derfor forståast som «ærestitlar» – som uttrykk for at den eine Gud vedkjenner seg Jesu liv og teneste. I Filipparbrevet blir det sagt på denne måten, i eit poetisk språk:

Då han var i Guds skapnad,  
heldt han det ikkje for eit rov  
å vere Gud lik.

Men han gav avkall på sitt eige,  
tok på seg ein tenars skapnad  
og vart menneske lik.

I si ferd var han som eit menneske;  
han fornedra seg sjølv og vart lydig til døden,  
ja, døden på korset.

*Derfor* har Gud storleg opphøgd han  
og gitt han det namn som er over alle namn,  
så kvart kne skal bøye seg i Jesu namn,  
i himmelen, på jorda og under jorda,  
og kvar tunge sanne til Gud Faders ære:  
Jesus Kristus er Herre!

Paulus innleier denne hymna med oppmodinga: «La det same sinne-laget vere i dykk som i Jesus Kristus!» På dette punktet har nok kristne mange synder å vedkjenne. Kyrkjhistoria viser jo at kristne ofte har vore meir opptatt av å etterlikne Jesu herrevelde enn hans liv som tenar. På Muhammeds tid var kyrkja for lenge sidan blitt ein maktfaktor, og dette kan ha prega både bruken av tittelen Guds Son og vedkjenninga «Jesus Kristus er Herre». Uttrykka kan med god grunn ha blitt opplevd som delar av eit kyrkjeleg maktspråk, uttalt av kristne som såg sin religion som overlegen alle andre, og seg sjølve som denne verda sine legitime herrar.

For Jesus, derimot, var det hans lidande og solidariske teneste, hans «nedstiging», som gjorde at han fekk del i Guds eige namn. Bibelen sine evangelier viser oss ein Kristus, ein Messias, som ikkje kjempar for makt med denne verda sine våpen eller påkallar guddommelege legionar for å forsvare seg, men lid med lidande og dør til dei avmektige sin død.

Jesu lydnad som «Guds son» kjem altså til uttrykk ved at han er fullt og heilt menneske – som tenar, som ein av dei minste på jorda, og ikkje som ein av denne verda sine herrar. Nettopp i si holdning som sann og audmjuk tenar er det Kristus openberrar seg som Guds Son! Også den oppstandne Herre, som har vunne over døden, blir kjent igjen på naglemerka. Og Kristus er til stades på jorda som den levande til alle tider i sine svoltne, tørste, framande, nakne, sjuke og fengsla brør og søstre.

Med andre ord: *Guds Son er i bibelsk språkbruk Menneskesonen*. Kristus får tittelen Guds Son på grunn av sin truskap som Menneskeson! Statusen som Guds Son er ikkje noko som kjem «i tillegg til» å vere menneske – det er nettopp ved å vere heilt og fullt menneskeson Jesus viser seg som Guds Son! No blir dette mysteriet i Bibelen framstilt som ei stadfesting av at Jesus er eitt med Gud frå æve til æve, og at han er «fødd av Gud» før alle tider. Men Jesu status som «fødd av Gud» kjem ikkje til uttrykk ved at han framhever sin «overnatur», men i hans liv som Menneskeson!

Truskapen til denne Menneskesonen og hans opning for Guds vilje var så altomfattande at Gud fullt og heilt kunne vedkjenne seg Jesu liv som *biletet av seg sjølv* – i eit menneske sin skapnad. Som Hebrearbrevet uttrykker det: Jesus er ei utstråling av Guds herlegdom og eit bilet av hans vesen. Det er dette som er kjernekjøpet i samtalens mellom kristne og muslimar: *Kan det guddommelege ta ein menneskeleg skapnad?* Som kristne vil vi svare ja – men ikkje fordi Jesus hevar seg opp over det menneskelege. Det er ved å stige heilt ned til botnen av det menneskelege – til dei undertrykte, til slavane, til den avmektige lidinga, til døden – at Jesus blir Guds bilet og Guds ansikt på jorda.

## Emner til dialog

Lat meg nemne tre punkt der eg trur det kunne bli ein spennande dialog mellom kristne og muslimar dersom vi kunne overvinne gamle misforståingar om gudesøner og fleirguderi og stå nakne saman framfor Jesu ansikt.

### 1 Kjærleiken sin pedagogikk

Det ansiktet som Jesus viser oss, er det strengt eller mildt? Noko av det spesielle ved Jesus er at det er strengt og mildt på same tid. I den eine augneblinken: Nådelaust avslører Jesus sjølvrettferd og maktlyst, og jagar pengevekslarar ut av Guds hus. I den neste: Jesus deler ut tilgiving og nåde til alle som bed om det, utan å spørre om mottakaren har gjort seg fortent til det, og utan å kreve at han skal forbetre seg først.

Kva er så sterkest? Lova eller evangeliet? Kva er det sentrale verke-

middelet i Guds pedagogikk: å truge med straff eller lokke med kjærleik?

Islam er opptatt av grensene og skremmer oss med Dommens dag – men kjenner også nåden. Det står mykje vakkert om Guds nåde i Koranen, men den berande tanken er at einkvar får løn som fortent, og riset lurer bak speilet. Motsett står det mykje om grenser også i Nytestamentet, og tanken om dom etter gjerningar er heller ikkje framand for oss. Men det som er spesielt ved Nytestamentet er dei avsnitta som opphevar tanken om å få løn som fortent. Den guddommelege pedagogikken som blir Nytestamentet sin kjernebodskap skremmer ikkje med straff – tvert om er det iflg. 1. Johannesbrev målet med kjærleiken at vi skal ha frimod på dommedag. Den fullkomne kjærleiken driv frycta ut. For frycta ber straffa i seg, og i den som fryktar, har ikkje kjærleiken blitt fullenda.

Kanskje kunne kristne og muslimar samtale om dette: Kva er det som kan forandre oss til det betre, og forvandle oss til Guds bilete – er det frykt for straff, eller vissa om å vere elsa utan vilkår?

## 2 Fridomen og grensene

Koranen seier om Jesus at han kom for å stadfeste den jødiske lova – men også for å tillate noko av det som før var forbode. Likevel meiner muslimar at vi kristne gir menneska *altfor* stor fridom, og at vi har tatt oss fridomar som var fjernt frå Jesus. Muslimar held mange av dei jødiske motforboda i hevd, og omskjer sine gutar slik også Jesus var omskoren. Medan dei første kristne forstod det slik at Jesus frigjorde dei frå den jødiske lova sine mange detaljerte levereglar.<sup>12</sup>

Her vil muslimar hevde at sidan dei kristne «tok seg fridomar», måtte det kome ein annan profet, ein ny profet, som ein gong for alle kunne formulere Guds universelle vilje klart og tydeleg.

I muslimsk bibelforståing tolkar ein då gjerne Jesu ord om Talsmannen i Johannesevangeliet som ein profeti om Muhammed, i tråd med Jesusorda i Koranen om at Jesus har kome for å stadfeste lova som var der før, og kungjere eit sendebod som kjem etter han, og som skal heite Ahmed (altså Muhammed).<sup>13</sup> Som kristne trur vi istaden at Jesus her taler om Anden, Guds heilage Ande, som skal ta bustad i alle som trur på Jesus og føre oss fram til den heile og fulle sanninga. Stilt overfor stadig nye historiske utfordringar skal Jesu Ande føre oss framover mot sanninga i all si fylde – dersom vi lar oss rettleie.

Truleg har det ulike synet på kven som skal kome etter Jesus, store konsekvensar for stukturen i dei to religionane. Muslimar meiner at ein ny lovlærar var nødvendig. Derfor er muslimar primært opptatt av

grensene. Vi kristne meiner at etter Jesus tar Jesu ånd bustad i alle som trur på han, og fører kvar enkelt og kyrkja fram til sanninga. Derfor er vi som kristne opptatt av fridomen: den individuelle fridomen, fridomen til ny erkjenning som går utover tradisjonen, i det heile: åndsfridom.

Ei heilt anna sak er at det i religionshistoria somme tider har vore motsett: islam har stått for åndsfridomen (som i europeisk mellomalder), og kristendommen har stått for grensene (som i pavekyrkja og statskyrkjene sin æra). Er det så mogeleg å møtast til samtale langs desse kryssande linjene, sette seg ned med blanke ark, spørre kvarandre kva fridom betyr og kvar åndsfridom inneber, og kva grenser som er nødvendige for å unngå at fridomen øydelegg oss?<sup>14</sup>

### *3 Det heilage i det mangetydige*

Eit tredje punkt til dialog til slutt. Koranen framstiller sin bodskap som «klar beskjed», og åtvarar oss mot å stille for mange tvilande spørsmål. Slik har berre ført til vantru, seier Koranen.<sup>15</sup> Underkast deg heller den klare beskjed. Den klare beskjeden i islam er altså ikkje eit ansikt, men ei bok, Koranen. «Koran» tyder då også framseining eller opplesing – opplesing av Guds klare og eintydige vilje, lik ei stemme utan ansikt.

Kristendommen, derimot, har sitt sentrum i eit ansikt. Eit ansikt kan aldri bli ein fastlåst, klar beskjed. Berre eit dødt ansikt har ein eintydig beskjed til oss. Slik sett ligg det i saka sin natur at evangeliet om Jesus må fortella fire gongar, med ulike nyansar, med farge av ulike erfaringar. Evangeliet må fortella fire gongar for at alle nyanske skal kome med! (Og enda var det eit utal andre evangelier som ikkje kom med i Nytestamentet). For Jesus er så levande at han ikkje kan fangast i nokon klar beskjed. Hans forkynning er likningar, bilete som opnar seg frå uventa kantar. Og evangelia er først og sist fortellingar, mangetydige fortellingar, lik juvelar som skiftar lys alt etter kvar vi stiller oss når vi ser på dei.

Eg trur Jesus er ein slik mangetydig juvel. Og til muslimar vil eg seie: Det heilage finst i det mangetydige. Og det er berre når vi avstår frå å hevde at vi har sett den heile sanninga, og erkjenner mangfaldet, at Gud blir verande Gud, utiljengeleg for vår kontroll. For det er berre Gud som eig sanninga, ikkje vi. Om vi kunne halde fast ved det, då ville både Gud få vere Gud, uendeleg opphøgd, og mennesket ville bli verande menneske, utan makt til å seie det siste ord eller bruke makt i Guds namn. Gud sjølv er eit mangetydig ord på denne jorda, med eit ansikt tydeleg nok til å elske det, men for underfullt til at vi kan gripe sanninga om han heilt og fullt.

## NOTER

1. Sitert etter N. G. van Doornik: *Frans av Assisi – en profet for vår tid*, St. Olav/Oslo 1985.
2. Jfr. dei mange døma Notto R. Thelle nemner i si bok *Hvem kan stoppe vinden?* (1991) når det gjeld kjærleiken til Jesus hos hans japanske buddhistvener.
3. Hadith sitert etter *Bukhari*.
4. Jfr. for øvrig Koranen 22, 51f. og 93, 7.
5. Til det følgjande jfr. kapitlet «Godt nytt? Evangeliet etter Koranen og Bibelen» i Oddbjørn Leirvik: *Møte med islam*, Pax/Oslo 1990 – der Koranen sine utsegner om Maria og Jesus er sitert i samanheng, og stilt opp mot vesentlege trekk ved Bibelen sine evangelier.
6. Koranen 3, 43 og 5, 110 – jfr. Thomas Barndomsevangelium 2, 2–4.
7. Koranen 4, 156f.
8. Koranen 3, 48.
9. Hadith etter *Bukhari* og *Muslim*.
10. Jfr. Koranen 4, 169 og fleire stader.
11. Jfr. også til det følgjande *Møte med islam*, s. 101ff.
12. Jfr. det programmatiske «Den heilage Ande og vi har bestemt» som uttrykk for den åndelege fridomen i urkristendommen (Apostelgj. 15, 28) – her i samband med dei jødiske matreglane.
13. Koranen 61, 6.
14. Jfr. Hans Küng og andre si påpeiking av at einkvar religionsdialog idag må ta utgangspunkt i eit globalt medvit om at vi for koden si skuld er nøydde til å nå fram til felles haldningar til fridom og grenser i dei store etiske spørsmåla som handlar om menneskeslekta si framtid. (*Etikk for verdens framtid*, 1990).
15. Jfr. Koranen 2, 1 og 5, 101.

*Oddbjørn Leirvik* f. 1951, cand. theol. MF 1978, gen.sekr./stud.pr. NKS 1979, res. kap. 1984–. Utgitt *Møte med islam* 1990.

### *The image of Christ in Islam and Christianity*

The article advocates a different kind of dialogue based on the encounter with the person of Jesus Christ, to whom both Muslims and Christians are drawn with strong emotional ties. The dialogue should include discussions of doctrinal character, but new ground has to be broken in the understanding of the divinity of Christ. A new emphasis on Christ's divinity in terms of his kenosis might stimulate new insights.